

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget vedtek forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement slik ho er lagt fram i saka.
2. I § 1 (6) vert det lagt inn ei tilvising til kapittel 9a slik at regelen lyder:  
«Formålet med ordensreglementet er å skape eit godt klima for samarbeid, trivsel, respekt og medansvar for alle elevar og tilsette i skulesamfunnet og danne grunnlaget for vurdering i orden og åtferd (jf. opplæringslova §§ 1-1, 3-7, kapittel 9a og forskrift til opplæringslova § 12-1).»
3. Ny § 3 skal lyde:  
«Alle elevar i dei vidaregåande skulane i Hordaland har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9a-1.»
4. I § 4 (8) a vert «truslar» lagt til slik at regelen lyder:  
«Følgjande handlingar er forbode
  - a. Vald, truslar, tjuveri, mobbing, rasistiske utsegner og handlingar, seksuell trakassering, sjikane p.g.a. seksuell legning, religion eller livssyn og anna krenkjande åtferd skal ikkje førekome.»
5. Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland vert sett i kraft 01.08.2016.